

Referat frå møte i FAU Lye skule 7.12.2011.

Tilstades:

Jone Siqveland

1. trinn: Sean Martin
2. trinn: Rita Våland
3. trinn: Kai Morten Egeland
4. trinn: Magnhild Sørli
5. trinn: Svein Kåre Harestad
6. trinn: Trond Aanestad
7. trinn: Cato Eigestad

Sak 14 11/12: Val av representantar til SU

Sean Martin og Cato Eigestad vart vald til representantar i SU. Svein Kåre Harestad er vararepresentant.

Sak 15 11/12: Bruk av bilete på skulen si heimeside

Skal undersøke nærare retningslinjer til Time kommune ang bruk av bilete på internett, i tillegg til datatilsynet sine retningslinjer. Vert teke opp på ny på neste FAU-møte. Strakstiltak: Rektor informerer lærarane om at ingen portrettbilete skal nyttast på internett, kun oversiktsbilete utan gjenkjenning og bilete av aktivitet.

Sak 16 11/12: Romkapasitet ved skulen

Skulen har 18 komplette klasserom til klasseromsbruk. I tillegg finst mange typar gode spesialrom. I forhold til behov, finst det litt få grupperom. Me har mulighet til å nytta nokre av klasseromma til grupperom pga god kapasitet ift klasserom.

Sak 17 11/12: Vennegrupper

FAU støtter skulen sin praksis med vennegrupper frå 2. - 4. trinn og er enige i at dette ikkje lenger er valgfritt. FAU ønsker at gruppene ikkje vert for små, helst 5-6 stk i kvar gruppe og at vennegruppa varer i ein time.

Sak 18 11/12: Rutiner for val av målform

I møte med Time kommune blei det klart at skulen ikkje får nytta avkryssingsskjema for val av målform ved innskriving av nye elevar til Lye skule. Rektor vil difor ved innskriving gjera det han kan for å informere enkelt og tydeleg val av målform og måten ein kan søkja om dette.

Sak 19 11/12: FAU på skulen si heimeside

Rektor hadde ein gjennomgang av skulen si heimeside, oppsett og bruk, og korleis FAU kan nytta si fane til å legge ut referat og anna nyttig informasjon.

Sak 20 11/12: Trafikksaker

FAU har fått svar frå Time kommune på brev om tafikksikkerheit i anleggsarbeidet ved skulen. Der blei det presisert at det i anleggsperioden vert stilt krav om sikker skuleveg for borna.

Sak 21 11/12: Sikring av born i buss

FAU har jobba med å få kontakt med FAU ved dei andre skulane i Time for å innkalle til FUG, Jamfør sak 9 11/12. Har ikkje fått tak i kontaktinformasjon til alle FAU enno, det vert arbeidd vidare med dette.

Sak 22 11/12: Eventuelt

- FAU og skulen oppfordrar elevar og foreldre til å nytta refleksvest. Ver synlege og tenk

trafikksikkerheit i denne mørke tida. Me har ingen liv å miste!

- Skulen har fokus på leik i friminutta. Skulen vurderer å bli med på eit opplegg om friminuttaktiviteter; trivselsleder.no.